



Dugnaden er over etter stor innsats

Eg trur det må liggja i genene!

Replikken kom frå midlertidig storbonde Bjørn Olav Tveit etterat 4-5 små leilendingar hadde jobba intenst med hesjing i Festidalen-arenaen i føremiddag. Hesjedugnaden som var varsla med svært stutt frist vart svært vellukka og var god pedagogikk samstundes som det var viktig å få mjuke skille innan festivalarenaen.



[Storbonden hadde arbeidsvillige leilendingar](#)

Det var igrunnen ei historisk hending ettersom grunneigar Magne Huglen kunne opplysa at hesjing ikkje har funne stad på Dønhaug på minst 40 år. Han tok sjølv over garden i 1978, men tykte at han hadde hesja så mykje heime på Huglo at han ikkje ville halda fram med det i Uskedalen. Men han antar at paktaren hesja i alle fall på 1960-talet. Mange minnst frå oppveksten sin at det var kjekt å hesja. Då fekk ein til og med gratis arbeidshjelp av ferierande byfolk

Høyet som vart hesja på Dønhaug i dag kom som vi skreiv om i går frå idrettslagets område i sentrum.

Etterkvart som dugnadsopplegget vart kjent kom det ganske mange til festivalgarden for å gjera ien jobb. Men den støsrte jobben gjorde den midlertidige storbonden sjølv.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen